



## Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane


Stad: Teams

Tid: Måndag 16. januar 2023 kl. 18.00


Tilstade	Ikkje møtt
Håkon Huseklepp Terje Johansen Ingunn Loen Sunde Bjørnar Eikenes Frode Ølmheim Reidun Solberg Seim Torger Eimhjellen Morten Jacobsen Henning Haugholt	Siv Solberg

### Sakliste:

1/23	<b><u>Godkjenning av referat frå sist møte</u></b> - Referatet godkjent utan merknadar
2/23	<b><u>Referatsaker</u></b> <b>Håkon:</b> 10.01.23: Telefonsamtale med Vestland Fylkeskommune (Spjeld) vedk. «Friluftsliv for barn og unge»: Presentere prosjektet for politikarane i Førde 19.01.23  Håkon var med på møte med styringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"><li>- Medlemsfordelar og tenester + ein ny aktivitet.</li><li>- Medlemspris – skal ha medlem/ikkje medlem</li><li>- Kommunikasjon og markedsføring på e-post.</li><li>- Mediemerkeemd</li><li>- Barn og unge. Tilsette prosjektansvarleg (10 søkerar). Kallar inn 5 til intervju.</li></ul> <b>Reidun:</b> 07.12.22, teams. Villreinmøte Sogn og Fjordane 08, 15 og 22.12.22, teams. Møte adm og RS 15.12.22 teams. Møte adm og RS 5. og 12.01.23, teams. Møte adm og RS 10.01.23, teams. Samling FI hagle 11.01.23, teams. Samling FI rifle
3/23	<b><u>Kontakt med lokallaga</u></b>



	<b>Namn Bjørnar/Jaktutvalet - vore i kontakt med Jølster (lokkjakkurs rev/ kurs i fellefangst/jakt på mår/mink)</b>
<b>4/23</b>	<p><b><u>Årsplan 2023</u></b>  Utkast til årsplan vart lagt fram.  <b>Årsmøtet</b> - Håkon kan snakke litt rundt Friluftsliv for barn og unge. Bør ha eit tema for fiske og eit for jakt. Hotellet er booka.  <b>Friluftsliv</b> - Må ha med lokallaga om ein skal få til leirar på andre stadar. Til no lite engasjement for leir på Nesholmen, Egil Ravnestad er positiv.  Sogn vil vere mest aktuelt for andre leirar, på grunn av geografien.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er søkt om midlar til tre leirar, men to er mest gjennomførbart. Mest positive til Nesholmen og Sogn.</li> <li>- Må evt finne aktuell plass å ha leiren.</li> </ul> <p><b>Tillitsvalgsamling</b> – Ligg an til for få påmelde, bør vere 20 frå lokallaga.  <b>Møter med lokallaga</b> – vanskeleg å få lokallaga til å stille (sjølv på teams).</p> <p>Reidun merknad til at det arbeidast for at OVF sine områder skal forvaltast av statskog. Bør vere av NJFF og statskog.</p>
<b>5/23</b>	<p><b><u>Tillitsvaldsamling</u></b>  Per i dag er det berre to påmeldte til samlinga. Påmeldingsfristen er 19. jan. Ligg an til for få påmelde til å ha denne. Reidun sender påminnelse.</p> <p><i>Vedtak:</i> Bør vere 20 stk frå lokallaga for å ha samlinga.</p>
<b>6/23</b>	<p><b>Årsmøte</b>  Håkon kan snakke litt rundt Friluftsliv for barn og unge. Bør ha eit tema for fiske og eit for jakt. Hotellet er booka.</p>
<b>7/23</b>	<p><b><u>Friluftsliv for barn og unge – status</u></b>  Orienteringssak.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilsette prosjektansvarleg (10 søkjarar). Kallar inn 5 til intervju. Godt kvalifiserte.</li> <li>- Håkon og Bjarne invitert til Førde.</li> </ul>
<b>8/23</b>	<p><b><u>Fotokonkurranse</u></b>  67 innkomne bidrag.</p> <p><i>Vedtak:</i>  Reidun, dannar jury og kårar dei 7 beste i kvar klasse til finale, der heile styret og RS sit som jury og kårar vinnarane 1 – 2 i kvar klasse.  Det vert sett opp ny fotokonkurranse for 2023.</p>
<b>9/23</b>	<p><b><u>Budsjett</u></b>  Ingunn viste budsjettet. Skal godkjennast av styret.</p>
<b>10/23</b>	<b><u>Evaluering samarbeid med OVF / Sal hjortejakt</u></b>



	<p>Ein del arbeid med telefonar med jegerar og liknande. Er dessverre ikkje skote hjort i nokon av terrenga. Mykje arbeid for kunn eit løyve i Skjolden, og er ikkje sett hjort i jakta 2022 i Selje.</p> <p>Forslag: Jakt torsdag - søndag annakvar veke. Droppe Selje og evt Skjolden om ein ikkje får fleire løyver.</p>
<b>11/23</b>	<p><b><u>Teamsmøte med lokallaga</u></b> Tema - Årsmøte og viltseminar.</p>
<b>12/23</b>	<p><b><u>Planlagte aktiviteter</u></b> Godkjent slik dei ligg føre.</p>
<b>13/13</b>	<p><b><u>Ymse</u></b> Reidun oppfordrar alle til å ha på kamera på teamsmøter.</p> <p>Ingunn synes at einn del melder avbud i kort tid før møta.</p>

Møtet slutt kl 21:05

Ref: Bjørnar Eikenes

